

Årsmelding 2009 for Norsk Bane AS

1. Hovudpunkt

Norsk Bane AS har til føremål å planleggje, byggje og drive eit høgfarts-banenett i Noreg. Selskapet sitt mangårige arbeid kulminerte den 6. mai 2009 med presentasjonen av ei detaljert og omfattande utgreiing av høgfartsbaner i Noreg. Utgreiinga blei levert av Deutsche Bahn International GmbH på vårt oppdrag og konkluderte med svært positive tilrådingar. Den har sidan vore ein viktig referanse for all debatt om høgfaststog i Norge. Deutsche Bahn og vi presenterte utgreiinga for Transport- og kommunikasjonskomitéen på Stortinget, Samferdsledepartementet, NSB og Jernbaneverket 2. - 3. juni 2009. Regjeringa si innstilling om høgfastbaner i Nasjonal Transportplan 2010 - 2019 (NTP) var nokså reservert, men Stortinget si handsaming enda i eit svært positivt vedtak, der ein òg gjer det klart at vidare utgreiingar "skal ha bygging av høgfastighetsbane som siktemål" - ei formulering som òg er teken inn i regjeringserklæringa Soria Moria 2.

Etter Stortingsvalet 14.09.2009 har den nye Transport- og kommunikasjonskomiteen følgd opp ytterlegare. I vedtaket for statsbudsjettet 2010 framheva komitéen og Stortinget m.a. "at hastighetsdimensjoneringen for nye linjer og strekninger som kan tenkes å inngå i et framtidig høgfastighetsnett, skal være minimum 250 km/t".

Utgreiinga vår med Deutsche Bahn har vore avgjerande for det faglege og politiske gjennomslaget for høgfastbaner i Noreg. Samstundes har utilstrekkelege tilskot til finansieringa av utgreiinga resultert i ein monaleg reduksjon i Norsk Bane AS sin eigenkapital. Trass i ein grundig gjennomgang ved generalforsamlinga i 2009 og aktiv oppfølging frå administrasjonen og styret i heile 2009, var eigenkapitalen pr. 31.12.2009 under 50 % av aksjekapitalen. Det krevst nye tiltak for å rette opp eigenkapitalen og sikre full drift i 2010. Samstundes må ein vere merksam på at utgreiinga vår med Deutsche Bahn representerer svært store økonomiske og samfunnsmessige verdier i det vidare arbeidet fram mot bygging av høgfastbaner, slik Stortinget har bede om.

Seinhaustes 2009 gjennomførde Norsk Bane AS ein vellukka emisjon som auka aksjekapitalen frå 9,1 mill. kr til 10,2 mill. kr. I 2009 kunne Norsk Bane AS òg for første gong presentere materialet sitt på profesjonelle internettsider.

2. Særskilde hendingar

a) Utgreiinga til Deutsche Bahn

Omsynet til Stortinget si handsaming av NTP og manglande finansiering av ei fullstendig utgreiing av heile det nasjonale nettet tilsa å be Deutsche Bahn om å lage ein rapport for dei strekningane som kunne bli ferdig utgreidde i løpet av våren 2010. Ein rapport om Oslo - Trondheim via Hamar og Oslo - Bergen / Haugesund / Stavanger blei presentert for Transport- og kommunikasjonskomitéen på Stortinget den 6.5.09 og publisert i utdrag på internettsidene til Norsk Bane AS frå 19.5.09. Utover sommaren utarbeidde Deutsche Bahn ei revidert utgåve av rapporten som var basert på noko justerte føresetnader i tråd med Stortingsvedtaket om NTP den 11.6.09, m.a. om omfanget av vegutbygginga dei komande åra. Detaljarbeidet med Trondheim - Steinkjer tok til om hausten. Eit traséframlegg blei ferdigstilt 11.11.09.

Konklusjonane til Deutsche Bahn er baserte på eit vekselspel mellom finmaska marknadsgranskningar, grundige trasévurderingar og detaljerte bedrifts- og samfunnsøkonomiske analysar.

Dette vekselspillet la grunnlaget for konseptutviklinga (talet på stasjonar, ruteopplegget, val av trasékorridor, drifts- og infrastrukturløysingar for godstog, osb.) og for detaljerte planframlegg. Framlegga til linjeføring er utarbeidde med ein presisjon på +/- 5 meter i terrenget eller betre, og for gjennomgåande rundt 300 km/t.

Kostnader, marknader, inntekter og viktige samfunnsverknader er grundig analyserte. Oslo - Trondheim er kostnadsrekna til 81 mrd. kroner (2008), medan Oslo - Bergen / Haugesund / Stavanger er rekna til 129 mrd. kroner (inkl. ny Oslotunnel via Majorstua og høgfaststrasé vidare til Drammen for 19 mrd. kr). Deutsche Bahn tilrår eit fleirbrukskonsept for langdistanse-, regional-, InterCity- og godstrafikk for å oppnå stor gjennomslagskraft i fleire marknader (fly-, bil- og tungtransport). Høg fart vil gje auka produktivitet, auka marknadstilgang og auka lønsemd. For begge dei ferdig utgreidde prosjekta reknar Deutsche Bahn at investeringane vil la seg betale tilbake i sin heilskap gjennom billett- og fraktinntektene i løpet av 30 år, med renter. Den samfunnsøkonomiske analysen for konkluderer med at samfunnet vil få ein vinst på om lag 2 kroner for kvar krone som blir investert. Her er næringslivsverknader utover reduksjonen i transportkostnadene ikkje verdsette. Klimautsleppa vil venteleg bli reduserte med 1,2 mill tonn CO2 pr. år gjennom overføringa av fly-, bil- og godstrafikk. Høgfastsbaner vil såleis medverke til ei monaleg elektrifisering av norsk samferdsel.

Ein av føresetnadene for Deutsche Bahn sine detaljerte analysar av høgfastsbaner i Noreg var tilgangen til den omfattande kunnskapen og datasamlinga om lokale tilhøve (natur- og kulturverdiar, geologi, særtrekk i samferdsla, osb.) som Norsk Bane AS og tidligare Sørnorske Høgfastsbaner har opparbeidd gjennom femten år. Det var og er interessant å sjå at Deutsche Bahn på fritt og særleg detaljert, fagleg grunnlag har kome til konklusjonar som ligg svært nær dei tilrådingane Norsk Bane AS har kome med tidlegare.

b) Nasjonal Transportplan 2010 - 2019, Stortingsval, regjeringserklæring, vedtak budsjett 2010

Etter ei nærast negativ tilråding om høgfaststog i regjeringa si innstilling til NTP 2010 - 2019 enda Stortinget si handsaming i eit særleg positivt vedtak 11.6.09.. Utgreiinga vår med Deutsche Bahn, og presentasjonen av denne for Stortinget sin Transport- og kommunikasjonskomité hadde etter alt å dømme avgjerande innverknad. Stortinget fastslo at vidare utgreiing av høgfastsbaner "skal ha bygging av høyhastighetsbane som siktemål" og at fleirbrukskonseptet for langdistanse-, regional- og godstrafikk er spesielt interessant. Dette konseptet er utvikla for Noreg av Norsk Bane AS og Deutsche Bahn. Stortinget bad vidare om å trekkje vekslar på arbeidet til Norsk Bane AS og Deutsche Bahn og at vidare utgreiing skal vere ferdig "i god tid" før neste handsaming av NTP i 2013.

At vidare utgreiing "skal ha bygging av høyhastighetsbane som siktemål" er òg teke med i regjeringserklæringa Soria Moria 2 etter valet. Stortingsvalet førte til eit skifte av samferdsleminister og til mange nye medlemar i Transport- og kommunikasjonskomitéen på Stortinget. Informasjon til desse har difor vore svært viktig. I budsjettvedtaket for 2010 blei vedtaka i NTP ytterlegare styrka. Stortinget framheva at utgreiingane skal gjennomførast raskt, at ein skal bruke monalege ressursar i 2010, at alle strekningar som kan tenkjast å inngå i eit framtidig høgfastnett, skal vere dimensjonerte for minimum 250 km/t og utan flaskehalsar, og at ein skal byggje Oslo - Ski etter ein heilskapleg strategi for Østfoldbana som ein del av ei framtidig skandinavisk høgfastbane. Stortinget uttrykte òg eit klart ønskje om ein eigen prosjektorganisasjon for utgreiingsarbeidet. Etter planen skulle Stortingsvedtaket i NTP bli følgt opp før årsskiftet. Mandatet for vidare utgreiingar blei likevel først lagt fram i februar 2010.

c) Togkaos. Utdaterte baner og planer.

I 2009 har det kome fleire og fleire meldingar om togkaos. Forståinga om at ein må gjere noko grunnleggjande med norsk jernbane for å få den opp på ein moderne europeisk standard, er aukande. Samstundes er problemet ikkje berre utdaterte baner, men òg utdaterte planer. Verken Oslo - Ski, Larvik - Porsgrunn, Eidsvoll - Sørli (sør for Hamar), Tønsberg - Barkåker eller Geving-

åsen tunnel er i samsvar med Stortinget sine føresetnader om minst 250 km/t og moderne europeisk standard. I 2009 utarbeidde Norsk Bane AS ved fleire høve framstillingar av dei faktiske planane og fekk mykje positiv merksemd. Det er no tydeleg for mange at Noreg står i fare for feilinvesteringar for fleire titalls milliardar kroner om ein nyttar eksisterande planar frå Jernbaneverket. Og det for ein jernbanestruktur som skal nyttast kvar dag i ei levetid på 50 - 100 år. På mange hald har ein òg sett at dei detaljerte planframlegga frå Deutsche Bahn vil kunne vere til stor nytte.

d) InterCity-området på Austlandet

I 2009 har Norsk Bane AS fokusert sterkare på InterCity-området på Austlandet. Fleirbrukskonseptet for høgfartsbaner vil gje det beste tilbodet også her; med raskare køyretider og fleire avgangar, samt ein heilt ny kvalitet og stabilitet for reisande. Det vil òg gje den mest lønsame drifta av IC-trafikken. Men det er mange mistydingar i den offentlege debatten av di mange har eit heilt anna bilete av kva høgfaststog kan bety. Her har Norsk Bane AS ei stor kommunikasjonsoppgåve, som er viktig å prioritere. Ei heilskapleg utbygging av IC-trafikken som del av eit høgfasts-banenett i fleirbrukskonsept er òg ein viktig føresetnad for ei vellukka og lønsam utbygging av høgfaststog elles i Noreg. Å byggje ut separate linjer for høgfaststog og annan trafikk vil krevje doble investeringar, noko som er nærast utenkjeleg. Å drifte to separate baner vil òg gje høgare driftsutgifter og låg lønsemd.

e) Positiv tilråding i svensk høgfastsutgreiing

Debatten om høgfaststog i Noreg har òg vore påverka av utviklinga i Sverige. 18.12.08 gav den svenske regjeringa Gunnar Malm mandat, som såkalla hovudman, å greie ut grunnlaget for høgfastsbaner i Sverige. Utgreiinga "Høghastighetsbanor - ett samhällsbygge för stärkt utveckling ock konkurrenskraft" blei ferdigstilt 14.09.09 med ei klår positiv tilråding om å byggje ut høgfastsbane mellom Stockholm, Göteborg, Malmö og København. Kostnadene er rekna til 125 mrd. SEK. Malm finn at nye høgfastsbaner vil gje langt større økonomisk og samfunnsøkonomisk effekt enn såkalla oppgradering av eksisterande baner. Større markedsdelar og langt høgare produktivitet gjer høgfastsbanene òg så lønsame at store delar av investeringskostnadane kan bli dekte gjennom driftsoverskotet. Desse viktige konklusjonane har stor relevans for den norske debatten og er heilt i tråd med det Norsk Bane AS har sagt i årevis.

f) Aksjeemisjon

Seinhaustes 2009 gjennomførde Norsk Bane AS ein emisjon som auka aksjekapitalen frå 9,1 mill. kr til 10,2 mill. kr. I ein periode med til dels vanskeleg kommuneøkonomi var tidspunktet noko ugunstig for mange offentlege aktørar. Likevel blei emisjonen vellukka. I tillegg har Norsk Bane AS fått ein del førespurnader frå ulike interesserte som ikkje rakk å delta i emisjonen på hausten. Det vil kunne tilseie ein ny emisjon i 2010.

3. Møteverksemd

I 2009 hadde Norsk Bane AS svært mange presentasjonar og møte, i tillegg til mykje oppfølging pr. telefon og epost. Arbeidet var viktig for prosessane i og utanfor Stortinget som juni 2009 resulterte i Stortingsvedtaket i NTP om ei nasjonal satsing på høgfastsbaner og i oppfølginga i budsjettvedtaket i desember, etter store utskiftingar i Transportkomitéen på Stortinget. Både styremedlemmar, dagleg leiar og kommunikasjonssjef la ned ein stor innsats.

Storting og departement: Regjeringspartia sine medleamar i Transport- og kommunikasjonskomitéen (3.2., 6.5. og 2.6.), Knut Arild Hareide (15.10.), Anne Marit Bjørnflaten (27.11.), Gorm Kjernli (16.11.), Hallgeir Langeland (17.9.), Janne Sjelmo Nordås (14.10.), Lars Myraune (21.10.), Jan Sahl (6.5.), Rigmor Eide (21.10.), Borghild Tenden (27.5.), Snorre Valen (15.10.), Framstegspartiets Stortingsgruppe (6.5.), Samferdsledepartementet v/ statssekretæren (2.6. og 7.12.) og Miljøverndepartementet v/statssekretæren (26.1.).

Baneselskap og fagmiljø: Jernbaneverket (30.1., 3.2., 17.2., 3.6. og 15.10.), Sweco (30.1.), Tekna (12.2.), Sørvestbanen (3.3.), World Wild Fund for Nature (WWF, 21.4.), Rom Eiendom (4.9.), Jernbanealliansen (17.9.), Statkraft (21.10.), Norges Ingeniør- og teknologorganisasjon (Nito, 26.11.) og Deutsche Bahn (11. og 12.3., 15.-17.4., 27.-29.4. og 6.-8.10.).

Fylkeskommunar, kommunar og regionråd: Kongsberg kommune (7.1.), Oppdal formannskap (5.2.), Indre Østfold Regionråd (Skiptvet, 13.2.), Skien kommune (17.6.), Regionråda i Telemark (Bø, 2.9.), Vinje kommune (2.9.), fellesmøte med fylkesordføraren i Vest-Agder og ordførarane i Kristiansand og Risør (Kristiansand, 4.9.), Hamar kommune (25.11.) og Regionrådet på Haugalandet (10.12.).

Presentasjonar på opne møte eller medlemsmøte: KrFU (Hemsedal, 21.3.), Ungdomsorganisasjoner i Oppland (Lillehammer, 4.5.), Næringsinitiativet på Lillehammer (2.6.), Næringsforeningen i Stavanger-regionen (3.6.), Norges Automobilforbund avd. Rogaland og Hordaland (3.10.), Naturviterne (11.11.), og Norges Naturvernforbund og NTNU (Trondheim, 23.11.).

Presentasjonar på konferansar: "Tro til forandring" (Oslo, 22.5.), Klimakurkonferansen (Oslo, 16.6.), Jernbaneseminaret til SV (Oslo, 18.8.) og Samferdslekonferansen til Bergen Næringsråd (Bergen, 27.8.).

Deltaking i TV-program: NRK Spekter (10.2.).

Deltaking på møte og konferansar utan eigen presentasjon: Mandag morgen (Oslo, 17.11.).

Einskildpersonar: Kjell Stenberg og Ole Berg (Lillehammer, 4.5.), Richard Fossum (Oslo, 6.5.), Ignacio Barron frå UIC (Oslo, 22.5.) og Frank Aarebrodt (Bergen, 28.8.).

I tillegg kjem talrike uformelle møte med grunneigarar, kommunale planavdelingar, advokatar, journalistar og aksjonærar.

4. Nasjonale medier

Stortingsvedtaka om høg fartstog og Norsk Bane AS sitt grundige faglege arbeid over lang tid med kontinuerleg informasjon til mediene har i 2009 medverka til ei markert breiare medie-dekning av moderne jernbane. Denne utviklinga har blitt vidareført inn i 2010 der Aftenposten t.d. hatt ei eiga artikkelserie om høg fartstog i eit internasjonalt og nasjonalt perspektiv.

5. Økonomi

Norsk Bane AS hadde i 2009 samla inntekter på kr 898.314 og utgifter på kr 4.477.416. På same vis som i fjoråret, var store delar av utgiftene relaterte til utgreiinga med Deutsche Bahn. Driftsunderskotet kom på kr 3.579.102 før framtidig skattefrådrag og på kr 2.576.954 inkl. framtidig skattefrådrag. Aksjekapitalen inkl. overkurs auka med kr 1.173.700, medan eigenkapitalen til Norsk Bane AS minka frå kr 4.588.964 ved utgangen av 2008 til kr 2.183.563 ved utgangen av 2009. Det utgjer 21,5 % av aksjekapitalen. Aksjelova krev tiltak når eigenkapitalen blir mindre enn 50 % av aksjekapitalen.

Med unntak av reisekostnadene, var alle utgiftene i 2009 litt lågare enn budsjetterte. Ved årsskiftet sto det att nokre leveransar frå Deutsche Bahn for å fullføre kontrakta. Sluttoppgjøret vil kome i rekneskapen for 2010, etter siste levering frå Deutsche Bahn.

Norsk Bane AS si utgreiing med Deutsche Bahn har vore avgjerande for gjennomslaget for høg fartstog i Noreg, med det har vore vanskeleg å få finansiert den. Den risikoen dette gav for ein svak eigenkapital, blei grundig gjennomgått på generalforsamlinga i 2009. Aktivt informasjons-

arbeid og ei rekkje initiativ og tiltak frå administrasjon og styret i løpet av 2009 har diverre ikkje resultert i andre inntekter enn dei ein alt hadde fått lovnad om i 2008. Slutføring av utgreiinga for fleire strekningar er difor sett på vent. Vedlagde plansje over nasjonale reisetider viser kva strekningar dette gjeld. Det er likevel gjort svært mykje arbeid òg for desse strekningane, slik at ein vil kunne fullføre utgreiinga for eit nasjonalt høgfallsnett innan kort tid når finansieringa er på plass, noko som er viktig å arbeide vidare for.

Etter fullmakt frå generalforsamlinga i 2009 inviterte styret til ein aksjeemisjon hausten 2009. Det gav teikningar på i alt 1.067 aksjar, som med 10 % overkurs tilførde 1.173.700 kroner i ny kapital. Ein må arbeide vidare med ulike strategiar for å styrkje eigenkapitalen i samsvar med krav i aksjelova og for å sikre full drift. Nedskrivning av aksjekapitalen kan være eit alternativ for å innfri formelle krav om ein egenkapital på minst 50 % av aksjekapitalen, men ikkje for å sikre drifta i ein avgjerande fase.

Utgreiinga med Deutsche Bahn representerer sær store verdier i samband med dei nasjonale utgreiingane som no er vedtekne. Den vil kunne gje selskapet høve til å kapitalisere det arbeidet og den kompetansen som er bygt opp gjennom mange år, samstundes som utgreiinga òg er av stor samfunnsmessig og økonomisk verdi for alle område som kan bli knytta til høgfallsnettet.

Samferdselsminister Maghild Meltveit Kleppa har på våren 2010 opna for ein dialog omkring moglege private løysingar for finansiering av utbygging av infrastruktur og bane, mellom anna OPS-ordningar. Norsk Bane AS si utgreiing med Deutsche Bahn syner at høgfallsbaner i fleirbrukskonsept vil kunne vere så lønsame at frakt- og billettinntektene ikkje berre vil dekkje drift, vedlikehald og fornying av både tog og bane, men òg gjer det mogeleg å betale ned investeringane i løpet av 30 år. Det kan gjere det aktuelt å følgje opp utspelet frå samferdsministeren i lag med andre samarbeidspartnarar.

Rekneskapan for 2009 er basert på at verksemda til Norsk Bane AS vil halde fram.

6. Om selskapet sine organ

a) Generelt

Norsk Bane AS har kontor i Kirkegata 2, 6004 Ålesund. Arbeidsmiljøet i selskapet var prega av sær stor arbeidspåkjenning, men med ein god tone, eit stort engasjement og blir rekna for å vere godt.

Generalforsamlinga i 2009 valde tre kvinnelege og seks manlege styremedlemar. Selskapet har to manlege tilsette. Den store reiseaktiviteten til styremedlemmar, kommunikasjonssjef og dagleg leiar har påført det ytre miljøet påkjenningar i form av ureiningar frå transportmidlar. Andre påkjenningar blei ikkje registrerte.

b) Aksjonærane

Etter aksjeemisjonen hausten 2009 har Norsk Bane AS 351 aksjonærar og ein aksjekapital på kr 10.159.000. Det svarer til eit innskot på kr 28.943 per aksjonær i gjennomsnittet. Blant aksjonærane var 27 kommunar eller kommunale selskap og ein fylkeskommune som til saman eigde 73 % av aksjekapitalen. Dei 11 største aksjonærane stod for 65,7 % av aksjekapitalen. Aksjonærar som held til i Rogaland, Telemark og Hordaland stod i same følgd for 44,1 %, 31,1 % og 13,9 % av Norsk Bane AS sin aksjekapital. Aksjonærar som held til i andre fylke, stod for 10,9 % av selskapet sin aksjekapital.

c) Generalforsamling

Norsk Bane AS heldt ordinær generalforsamling 25.06.2009 i Røldal.

d) Styret

Laura Seltveit, Einar Velde og Gard Folkvord blei etter framlegg frå valnemnda attvalde til styremedlemar på generalforsamlinga 25.06.2009. Kjell Stundal, PerEspen Fjeld, Else-May Botten, Stein Lier-Hansen, Bjørn Arild Gram og Wenche Nistad blei på generalforsamlingane i 2008 valde for to år, og sto såleis ikkje på val. Styret konstituerte seg sjølv med Kjell Stundal som leiar og Wenche Nistad som nestleiar. Styret hadde sju styremøte i 2009 (4.2., 14.8., 16.9., 6.11., 8.5., 8.6. og 9.12. Dei tre sistnemnde var telefonmøte.) Else-May Botten blei vald til Stortingsrepresentant i september 2009 og valde då å trekkje seg frå styret av habilitetsgrunnar.

e) Tilsette

Norsk Bane AS hadde to tilsette i full stilling i 2009: Dagleg leiar Jørg Westermann og kommunikasjonssjef Thor W. Bjørlo. Sjukefråværet var tilnærma lik null. Det vart ikkje registrert skader på tilsette.









f) Valnemd

Generalforsamlinga valde Inge Fjalestad (leiar), Klara Tveit og Olav Urdbø som medlemmer av valnemnda.


g) Revisor

Deloitte AS i Haugesund blei attvald som revisor for Norsk Bane AS på generalforsamlinga.

Alesund, 30.04.2010

 Kjell Stundal styreleiar	 Wenche Nistad nestleiar	 Laura Seltveit styremedlem	 Einar Velde styremedlem
 Per Espen Fjeld styremedlem	 Stein Lier-Hansen styremedlem	 Gard Folkvord styremedlem	 Bjørn Arild Gram styremedlem

Eksempler på mulige reisetider til / fra Oslo



Stasjoner med under 20 min. reisetid fra Oslo er ikke tatt med i oversikten av plasshensyn. Det gjelder mot vest: Majorstua, Nationaltheatret, Skøyen, Lysaker, Sandvika og Asker, mot nord: Lillestrøm, Nittedal og Harestua, og mot sør Kolbotn og Ski.

Ved Hønefoss og Eiker: tilknytning til Hallingdalen / Finse via Bergensbanen og til ny ringbane via Modum og Hokksund.

Rødt markerer ferdige traséforslag i Deutsche Bahns utredning, blått baner under arbeid.



Norsk Bane AS

Resultatrekneskap

Note	2009	2008
<i>Driftsinntekter og driftskostnader</i>		
	827.077	854.129
	827.077	854.129
3	1.684.758	1.616.060
3	2.792.658	3.487.552
	4.477.416	5.103.612
	-3.650.339	-4.249.483
	71.237	403.025
	71.237	403.025
	-3.579.102	-3.846.458
2	0	0
	-3.579.102	-3.846.458
<i>Overføringer</i>		
	-311.969	0
	-3.267.133	-3.846.458
	-3.579.102	-3.846.458

Norsk Bane AS

Balanse


Note		2009	2008
	<i>Eigendelar</i>		
	Anleggsmidler		
2	Utsett skatteføremøn	<u>335.163</u>	<u>335.163</u>
	Sum immaterielle eigendelar	<u>335.163</u>	<u>335.163</u>
	Sum anleggsmidler	<u>335.163</u>	<u>335.163</u>
	Omløpsmidlar		
	Kundefordringar	4.408	750.000
	Andre fordringar	8.800	0
	Bankinnskot, kontantar o.l	<u>2.030.766</u>	<u>4.440.499</u>
	Sum omløpsmidlar	<u>2.043.974</u>	<u>5.190.499</u>
	<i>Sum eigendelar</i>	<u>2.379.137</u>	<u>5.525.662</u>


Norsk Bane AS


Balanse


Note	2009	2008
<i>Eigenkapital og gjeld</i>		
Innskoten eigenkapital		
Aksjekapital, berre registrert kapital	9.092.000	9.092.000
Ikkje registrert kapitalutviding	1.067.000	0
Overkursfond	0	205.268
Sum innskoten eigenkapital	10.159.000	9.297.268
Opptent eigenkapital		
Annan eigenkapital	-7.975.437	-4.708.304
Sum opptent eigenkapital	-7.975.437	-4.708.304
1 Sum eigenkapital	2.183.563	4.588.964
Gjeld		
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	50.000	0
Skattetrekk og andre trekk	18.653	132.601
Anna kortsiktig gjeld	126.922	804.097
Sum kortsiktig gjeld	195.575	936.698
Sum gjeld og eigenkapital	2.379.137	5.525.662


Ålesund, 30.04.2010



Kjell Stundal
styreleiar



Wenche Nistad
nestleiar



Laura Seltveit
styremedlem


Einar Vælde
styremedlem


Per Espen Fjeld
styremedlem


Stein Lier-Hansen
styremedlem


Bjørn Arild Gram
styremedlem


Gard Folkvord
styremedlem

Norsk Bane AS

Noter til rekneskapen for 2009

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med føresegnene i rekneskapslova og reglane som følgjer av rekneskapsskikk.

Inntekter

Inntekter er rekneskapsførde når dei er opptente, altså når krav på vederlag oppstår. Dette skjer når ein yter tenesten, i takt med at ein utfører arbeidet. Inntektene er rekneskapsførde med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Fordringar

Fordringane er førde opp i balansen med fordringa sitt pålydande etter frådrag for konstaterte og venta tap.

Utsett skatt

Utsett skatt i resultatrekneskapen er skatt kalkulert ut frå endringar i mellombelse skilnader mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar, og inngår som ein del av selskapet sine totale skattekostnader. Utsett skatt er sett av som langsiktig gjeld i balansen. I den grad utsett skatteføremon overstig utsett skatt, er utsett skatteføremon teke med i balansen dersom kriteriene for balanseføring er stetta.

Note 1 – eigenkapital

	Aksje- Kapital	Eigne aksjar	Over- kursfond	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 1. januar 2009	9.092.000	0	205.268	-4.708.304	4.588.964
<u>Endring i eigenkapitalen i året:</u>					
Kapitalutviding, ikkje registrert	1.067.000	0	106.700	0	1.173.700
Årsresultat	0	0	-311.969	-3.267.133	-3.579.102
Eigenkapital 31. desember 2009	10.159.000	0	0	-7.975.437	2.183.563

Aksjekapitalen i selskapet pr. 31.12.2009 består av følgjande aksjeklassar:

	Antal	Pålydande	Bokført
A-aksjar	10.159	1.000	10.159.000
Sum	10.159		10.159.000

Norsk Bane AS

Noter til rekneskapen for 2009

Eigarstruktur

Dei største aksjonærane i selskapet pr. 31.12.2009 var:

	A-aksjar	Sum aksjar	Eigarandel	Røysteandel
Vinje kommune	1.750	1.750	17,2 %	17,2 %
Suldal kommune	1.200	1.200	11,8 %	11,8 %
Sauda kommune	1.200	1.200	11,8 %	11,8 %
Odda kommune	600	600	5,9 %	5,9 %
Bykle kommune	550	550	5,4 %	5,4 %
Rogaland Fylkeskommune	500	500	4,9 %	4,9 %
Tokke kommune	341	341	3,4 %	3,4 %
Bø kommune	208	208	2,0 %	2,0 %
privatperson	111	111	1,1 %	1,1 %
Haugesund kommune	110	110	1,1 %	1,1 %
Notodden Utvikling AS	102	102	1,0 %	1,0 %
Sum > 1 % eigarandel	6.672	6.672	65,7 %	65,7 %
Sum øvrige aksjonærar	3.487	3.487	34,3 %	34,3 %
Totalt antal aksjar	10.159	10.159	100,0 %	100,0 %

Aksjar og opsjonar eigde av styremedlemar og dagleg leiar:

Namn	Verv	A-aksjar
Kjell Stundal	Styreleiar	19
Einar Velde	Styremedlem	60
(Per Velde AS)	(Styremedlem)	60
Per Espen Fjeld	Styremedlem	3
Laura Seltveit	Styremedlem	5
(Aud Farstad)	(Dagleg leiar)	10

Annan relevant informasjon om eigenkapitalen:

I 2008 inngjekk Norsk Bane AS ein kontrakt med Deutsche Bahn om levering av ein detaljert rapport om høgfartsbaner i Noreg. Rapporten blei levert, fakturert og betalt etterkvart som arbeidet skred fram. Mesteparten av rapporten blei levert i 2009, men den siste leveransen kom først i januar 2010. Oppgjeret på kr. 701.273 er bokført i rekneskapen for 2010.

Om tilhøvet mellom eigenkapital og aksjekapital:

Generalforsamlinga og styret har vore merksam på at eigenkapitalen til selskapet sto i fare for å bli lågare enn 50 % av aksjekapitalen. Styret har difor sett i verk ei rekkje tiltak for å møte denne situasjonen, m.a. ein emisjon hausten 2009. Likevel blei eigenkapital lågare enn 50 % av aksjekapitalen mot slutten av året. Styret vil gjere framlegg om nye tiltak for generalforsamlinga den 30.04.2010, alternativt om nedskrivning av aksjekapitalen. Samstundes er det grunn til å framheve at utgreiinga med Deutsche Bahn representerer store verdiar i samband med dei nasjonale utgreiingane som no er vedtekne.

Norsk Bane AS

Noter til rekneskapen for 2009

Note 2 – skattekostnad

Skattekostnaden i år er kalkulert, men ikkje førd i balansen.

Betalbar skatt	0
Kalkulert endring utsett skatt	-1.002.148

Total skattekostnad i år 0

Utsett skatt	31.12.09	01.01.09	Endring
Netto grunnlag	-8.622.569	-5.043.467	-3.579.102
Kalkulasjon utsett skatt 28 %	-2.414.319	-1.412.171	-1.002.148

Note 3 – Lønskostnader, godtgjersle, lån til tilsette, m.m.

Lønskostnadene består av følgjande postar:

Lønskostnader	2009
Løn og feriepengar	1.219.609
Godtgjersle styremedleamar	103.750
Pensjonspremie	151.206
Andre ytingar	2.000
Arbeidsgjevaravgift	208.193
Sum lønskostnader	1.684.758

Norsk Bane AS hadde to fast tilsette i 2009.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn og fri telefon	629.558	103.750

Revisor

Det er kostnadsført revisjonshonorar på kr. 10.000 i 2009.

Norsk Bane AS

Spesifikasjon av resultatrekneskapen

	2009	2008
Salsinntekter		
3000 Salsinntekt, avgiftspliktig	-68.789,29	0,00
3190 Ref.bare utlegg for kjøpers rekn.	-38.288,26	-9.128,89
3400 Driftstilskot	-720.000,00	-845.000,00
	-827.077,55	-854.128,89
Lønskostnader m.m.		
5000 Løn til fast tilsette	1.075.093,00	1.023.089,00
5010 Løn til ekstrahjelp	17.820,00	22.072,50
5100 Godtgjersle styremedlemar	103.750,00	105.000,00
5180 Opptente feriepengar	126.696,00	130.714,00
5210 Fri telefon	2.000,00	2.000,00
5420 Pensjonspremie	151.206,03	133.481,35
5400 Arbeidsgjevaravgift	190.327,00	181.273,00
5182 Arbgbjavg. av opptente feriepengar	17.866,00	18.430,00
	1.684.758,03	1.616.059,85
Annan driftskostnad		
6300 Leige kontorlokale	69.960,00	61.960,00
6340 Lys og varme kontor	13.273,42	16.148,39
6700 Revisjonshonorar	10.000,00	7.800,00
6790 Andre framande tenester	2.381.219,52	2.998.050,80
6800 Kontorrekvista	10.559,65	6.313,85
6810 Kopiering	3.164,82	4.407,65
6840 Faglitteratur	948,17	3.305,06
6890 Kontorutstyr og vedlikehald	10.538,43	20.244,46
6900 Telefon	32.298,17	25.463,76
6940 Porto	1.540,00	950,00
7100 Bilgodtgjersle, oppgavepliktig	21.437,50	28.652,00
7140 Dokumenterte reiseutlegg	172.713,02	229.484,70
7150 Diett innland, utan overnatting	13.331,00	12.700,00
7151 Diett innland, med overnatting	17.141,00	23.404,00
7152 Natt-tillegg innland	3.200,00	4.000,00
7153 Diett utland, med overnatting	8.800,00	10.160,00
7390 Annan salskostnad	6.604,40	17.798,64
7710 Styremøte og generalforsamling	15.929,33	16.708,48
	2.792.658,43	3.487.551,79

Norsk Bane AS

Spesifikasjon av resultatregnskapen

	2009	2008
Finansinntekter		
8040 Renteinntekt	-71.236,88	-403.025,00
8060 Valutavinst	0,00	0,00
	<u>-71.236,88</u>	<u>-403.025,00</u>
Skattekostnad		
8320 Endring utsett skatt	0,00	0,00
	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>
Overkursfondet til dekning av tap		
2020 Overført til dekning av udekt tap	-311.968,50	-3.846.457,75
	<u>-311.968,50</u>	<u>-3.846.457,75</u>
Overført til udekt tap		
8990 Overført til udekt tap	-3.267.133,53	-3.846.457,75
	<u>-3.267.133,53</u>	<u>-3.846.457,75</u>

Norsk Bane AS

Spesifikasjon av balansen

	2009	2008
Utsett skatteføremøn		
1070 Utsett skatteføremøn	335.163,00	335.163,00
	335.163,00	335.163,00
Kundefordringar		
1500 Kundefordringar	4.408,00	750.000,00
	4.408,00	750.000,00
Andre fordringar		
1780 Krav på innbetaling av aksjekapital	8.800,00	0,00
	8.800,00	0,00
Bankinnskot, kontantar o.l.		
1930 Aksjekapitalkonto 2711.13.68134	2.030.141,95	4.384.775,63
1935 Overkurskonto 2711.13.65933	19,86	109,85
1936 Driftskonto 2711.13.69998	604,50	2.159,93
1950 Skattetrekkskonto 2711.13.71607	0,00	53.454,00
	2.030.766,31	4.440.499,41
Aksjekapital, berre registrert kapital		
2000 Aksjekapital, 9.092 aksjar à kr 1.000	-9.092.000,00	-9.092.000,00
	-9.092.000,00	-9.092.000,00
Ikkje registrert kapitalutviding		
2021 Kapitalutviding, 1.067 aksjar à kr 1.000	-1.067.000,00	0,00
	-1.067.000,00	0,00
Overkursfond		
2020 Overkursfond	0,00	-205.268,50
	0,00	-205.268,50
Annan egenkapital		
2080 Udekt tap	7.975.437,40	4.708.303,87
	7.975.437,40	4.708.303,87

Norsk Bane AS

Spesifikasjon av balansen

	2009	2008
Leverandørgjeld		
2410 Leverandørgjeld	-50.000,00	0,00
	-50.000,00	0,00
Skattetrekk og andre trekk		
2600 Forskotstrekk	0,00	-53.454,00
2770 Skuldig arbeidsgjevaravgift	-282,00	-60.300,00
2780 Påløpt arbeidsgjevaravgift	-18.371,00	-18.847,00
	-18.653,00	-132.601,00
Annan kortsiktig gjeld		
2910 Gjeld til tilsette	-3.589,58	-16.768,75
2940 Skuldig feriepengar	-130.291,00	-133.670,00
2740 Oppgjerskonto mva.	14.958,87	4.341,98
2980 Avsetn. framtidige forpliktingar	-8.000,00	-658.000,00
	-126.921,71	-804.096,77

Til generalforsamlingen i Norsk Bane AS

REVISJONSBERETNING FOR 2009

Vi har revidert årsregnskapet for Norsk Bane AS for regnskapsåret 2009, som viser et underskudd på kr 3 579 102. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift, og forslaget i årsregnskapet til dekning av underskuddet. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av selskapets styre. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av selskapets formuesforvaltning og regnskaps- og intern kontrollsystemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets økonomiske stilling 31.12.2009 og av resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk i Norge
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift, og forslaget i årsregnskapet til dekning av underskuddet, er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Uten at det har betydning for konklusjonen i avsnittet over, vil vi presisere at egenkapitalen utgjør mindre enn 50 % av aksjekapitalen. Vi viser til nærmere omtale i årsregnskapet og årsberetningen

Haugesund, 30.4.2010
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor